Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Erfjord

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: Gudmund Jårvik.

Gard:

(adresse): Vik i Erfjord.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. For det meste.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

På små gardar og husmanns-plassar der ein ikkje har hest vert det taget og kjelken ein må lita på når ein skal få heim høy.

Dei slår enno i utmarki på dei fleste gardar i fjellbygdi.

Men det har minka dei siste tjuge åri. Utmarkslåtten har halde seg lenger på smågardar og husmannsplassar enn på store gardar. Dei fleste husmannsplassar har vortne sjølveigande smågardar dei siste tjuge åri, eller so er dei nedlagde so no er her berre ti-fire plassar att i bygdi.

På gardar langs med fjorden har her ikkje vore noko utmarkslått i mannsminne.

Folk som ikkje har hest dreg høyet heim på kjelkar, eller låner hest av naboar som har.

Der det går nyttar dei høyprestengar og løyper høyet heim på deim.

Når ein slår i utmarki ber rapstegjenton graset saman, når ein turkar det på sjölve slattemarki. Dei rakar or blaute sek og or skuggedalar og ber graset i fengjer med riva til turkevollen.
Når ein har brett graset utyver kallar ein det ei bretla.
Ligg turkestaden lenger undan ber mannfolki graset framt på tåg. Bera fram kallar ein det. Når höyet er turt ber mannfolki det til löa eller stakken på tåg.
Börvalk er ukjent her. Ikke brukast heller ikkje her i bygdi. Når ein lagar höybör fengjer ein höyet med riva og legg fengjene på tåget med riva.
Ein held tågje yver akslene når ein ber. Beraren får hjelp når han reiser seg. Hjelparen står bak og lyfter i böri.
Borni er med og kastar såter og snur og rakar saman turrhöy, men dei er ikkje med og rakar saman rågras, heller ikkje er dei med å ber.
Ein brukar snorsekker til höyet når ein rullar det etter bratte dalsidor. Rodder kallar ein desse sekkene. Dei vert mindre nytta no etter ein fekk löypestrengene. Dei er butne som grov not. og er laga av hamp.

123

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ein kallar det for å velta höy i rodder. Löypestreng nyttar ein og. Ein går meir yver til å nytta streng. Höyet legg ein på börar, skepper eller rodder og löyper det heim eller til stader der ein kan koma til med hest. Det var umlag 1900 löypestrengene kom her til bygdi og ein nytta dei meir og meir etter som åri gjekk.
Kjoser brukar ein ikkje her. Börer brukast stundom til å bera rågras or myrar og blaute kalar.
Börone har fire tverbrett.
Båra (ei båra) brukast berre av vatsone. Trillebåra brukast ikkje.
Det siste reidskapp som det er spurnad um er ukjent her i bygdi.
Höyet vert köyrt heim på vinterföre
Ein brukar hjulslede (ein) når ein köyrer höyet inn. Dei vert kalla höysle. Höysledane er umlag 4 m. lange, sjekene ikkje medrekna, og umlag 1.5 m. breide. Ein kallar dei sledar um dei berre har hjul.
Hjulsledane har berre hjul.
På dei fleste gardar brukar dei grindar på sledane. Grindane er umlag 1 m. höge. Ei grind framme og ei bak og ei på kvar sida.
På sume gardar nyttar dei sledar som har hjul bak og dråg (ei) framme. Drågasledar kallar ein dei. Sleden ligg med framenden på



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

dragstokkjen (ein) og er fest til drägi med ein skrüvebolt som går gjenom midten på dragstokken og gjenom midten av det framste tverre på sleden. Desse sledane er gode å koma fram i steinut lende med.
På desse sledane nyttast berre grindar. Ein lesser med gaffel og tiör höyet saman. Det går ümlag 4 byrder i eit lass. Vart det siste lasset stort skulde det verta godt höyår neste år. Vart lasset lite skulde det verta lite höy komande år. Ein skrapa alt saman til sist. I eldre tid brüka dei ikkje grindar på höysledane. Dei nytta då höytenger. Det sleng garkar der ein brükar höytenger ~~no~~ og; men dei har minka av etter kvart. Höytengene er ümlag 2 m. lange og 0.6 m. breide. Dei har to remar som går til langs, og vart haldne saman av to tverre. Det nivre tverre er det hol i. Toget er drege gjenom holet. På övre sida av det andre tverre er det ein nabb som ein legg toget rundt og knepper til. Kneppetåg (eit) kallar ein toget. Det brükast berre i hest.
Felles slått er ükjent her. Folk hjelpest åt i bröyta når dei har höy som dei må same vegen med.
Ein köyrer höyet på kjelkesledar üm vinteren. Desse sledane er jernskodde. Og ein kallar dei for kjelkasledar (ein)

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY